



Det kongelige landbruks- og
matdepartement
Postmottak@lmd.dep.no

Vår ref.:
2014/657-4

Sakshandsamar:
Kjell Øyvind Berg
kjell.oyvind.berg@bygland.kommune.no

Dato
02.12.2014

MELDING OM VEDTAK

Høyring - Forslag om å oppheve konsesjonsloven og buplikta

Det vert vist til høyring på forslag om å oppheve konsesjonslova og buplikta. Bygland kommune ved Plan – miljø – og ressursutvalet handsama saka den 25.11.2014. Følgjande uttale blir gjeve:

Saksprotokoll i Plan- miljø og ressursutvalet - 25.11.2014

Handsaming:

Plan-, miljø- og ressursutvalet sluttar seg samrøystes til rådmannen si innstilling.

Vedtak:

Bygland kommune støttar ikkje forslaget om å oppheve konsesjonslova og buplikta på landbrukseigedomar. Landbruksnæringa dekkjer mange samfunnsbehov, og for å oppretthalde og vidareutvikle landbruksnæringa til beste for samfunnet så må konsesjonslova og buplikt ikkje fjernast som verkemiddel for samfunnet til å sikre matvareproduksjonen.

Reglane om buplikt bør skjerpast og forenklast slik at distrikta får eit betre verkemiddel til å oppnå målsetjing om auka busetjing enn det som er realiteten i dag.

Med helsing
Bygland kommune


Kjell Øyvind Berg
Tenesteleiar